




Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2016-2020



Ørskog kommune



Innhold

1. Innleiing	2
2. Definisjonar – klargjering av begrep	2
3. Nasjonale strategiar	5
4. Utviklingstrekk	6
5. Kommunen sine planar	9
6. Aktørar, gjennomførte prosjekt	10
7. Beskriving av nosituasjon	13
8. Planlagte prosjekt	15
9. Handlingsprogram / prioritering av anlegg 2016 -2020	0

1. Innleiing

I samsvar med vedteken planstrategi skal Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet rullerast.

Føremålet med plana er å få ein politisk vedteke plan for idrett og fysisk aktivitet for Ørskog kommune i planperioden. Ørskog kommune ynskjer å vere utadretta og aktiv i forhold til folkehelsearbeid, idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Dei formelle krava til kommunen si planlegging er nedfelt i Plan og Bygningslova § 3-6, Lov om folkehelse, Lov om pengespel og fordeling av overskotet frå Norsk Tipping AS til idrettsføremål (retningslinene som spelemidlane vert fordelt ut frå).

Vedteken kommunedelplan og årleg rullering av handlingsprogrammet er ein føresetnad for å få tildelt spelemidlar. Tidlegare hovedrevisjon av kommunedelplana for Idrett og fysisk aktivitet vart vedteken 24.11.2011 med verknad til 2015.

Varsel om rullering av plan vart annonsert i avis og på heimeside, med frist 14.august for å kome med innspel til oppstartvarsel. Varselet vart sendt ut til høyringsinstansar. Her valde ein og å ta med folkehelsekoordinator, då folkehelseperspektivet gjer seg stadig meir markert på området

2. Definisjonar – klargjering av begrep

Idrett

Aktivitet i form av trening, eller konkurranse i organisert idrett

Fysisk aktivitet

Eigenorganisert trenings- og mosjonsaktivitet, inkludert friluftsliv og aktivitetar prega av leik.

Friluftsliv

Opphald og fysisk aktivitet i friluft. Klima- og miljødepartementet definerer friluftsliv som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritisa. Kulturdepartementet har lagt friluftsliv inn under begrepet fysisk aktivitet.

Idrettsanlegg

I spelemiddelfordelinga brukar departementet følgande klassifisering av idrettsanlegg:

1. Nærmiljøanlegg

Anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg beliggande i tilknytning til bu- eller opphaldsområde. Begrepet omfattar kun utandørs

anlegg. Anlegga skal vere fritt alment tilgjengelig for eigenorganisert fysisk aktivitet, primært for born og unge, men og for lokalbefolkninga for øvrig. Nærmiljøanlegg kan lokalisert i tilknytning til eit skuleanlegg eller idrettsanlegg. Nærmiljøanlegg skal ikkje utformast for å dekke behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordionær konkurranseidrett.

2. Ordinære anlegg

Anlegg tilskuddsberettiga anlegg som i hovedsak er nært knytta til konkurranse- og treningsverksemd for den organiserte idretten. Dei tekniske krav til mål og utforming av anlegga tek utgangspunkt i konkurransereglane til det enkelte særforbund.

3. Nasjonale anlegg

Idrettsanlegg som tilfredstillar tekniske og funksjonelle standardkrav for avvikling av relevante internasjonale mesterskap og konkurranser

«Ordinære idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv er viktig for å legge til rette for fysisk aktivitet. Det er viktig å jobbe for at anlegg som vert utvikla og bygd, skal vere med bakgrunn i innbyggerane sine behov, både i eit folkehelse- og idrettsperspektiv»

(Henta frå «Folkehelse i Møre og Romsdal – ei oversikt», 2015)

Friluftsområde og friområde

Fellesnemning på grøne område som er tilgjengelig for fri ferdsel. Ofte er det uregulerte område som omfattast av allemannsretten. Det er ikkje krav om opparbeiding, kun tilrettelegging for bruk. Områda kan nyttast til turar, jakt, fiske, fysisk aktivitet og trening. Ofte er desse områda avsett som LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsliv). I reguleringsplanssamanheng kan friluftsområde avsettast til spesialområde for friluftsliv. Friområde er avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmen rekreasjon og opphals. Det kan vere parkar, turveggar, lysløyper, leikeplassar, nærmiljøanlegg, badeplassar o.l.

Grøne nærområde kan betre folkehelse ved å bidra til trivsel og livskvalitet, tilby sosiale møteplassar, stimulere til fysisk aktivitet, virke stressreduserande og dempe negative effektar av luftforureining og trafikkstøy.

Leike- og rekreasjonsareal nært der folk bur, er viktig når det gjeld å legge til rette for fysisk aktivitet i kvardagen. Dei som bur innanfor ein avstand på 500 meter frå turstien, har ein markant høgare bruksfrekvens av turstiane enn dei som har lengre avstandar».

(Henta frå «Folkehelse i Møre og Romsdal – ei oversikt», 2015)

Spelemlidar

Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemlidar at anlegget er med i ei kommunal plan. Arealbehov for føremål idrett, friluftsliv og nærmiljøanlegg som kjem fram i denne plana, må innarbeidast i kommuneplana sin arealdel.

Det er Kulturdepartementet som forvaltar den delen av Norsk Tipping AS som vert avsett til idrettsføremål.

Folkehelsearbeid

Helse og omsorgsdepartementet definerer folkehelsearbeid som samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmer befolkninga sin helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som verner mot helsetruslar, og arbeid for ein jevnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helse. Det er Lov om folkehelsearbeid (Folkehelselova) som ligg til grunn for kommunen sitt arbeid med folkehelse.

Ørskog kommune er ein del av God Helse-partnerskapet til Møre og Romsdal fylkeskommune, for saman å utvikle eit langsiktig folkehelsearbeid, der målet er å arbeide heilskapleg med folkehelse i heile kommunen si verksemd. Satsingsområda i partnerskapet er ernæring, fysisk aktivitet, psykisk helse, rusførebygging, tobakksførebygging og førebygging av sosiale skilnader i helse. Kommunen har hatt folkehelsekoordinator i 50% stilling sidan 2006.

3. Nasjonale strategiar

Nasjonal gåstrategi

Statens vegvesen har utarbeida ein nasjonal gå-strategi (2012). Målet er å gjere det tryggare og trivlegare å vere fotgjengar, og dermed få fleire til å gå meir. Strategien har to hovudmål:

1. Det skal vere attraktivt å gå for alle
2. Fleire skal gå meir

Strategien rettar seg først og fremst mot kvardagsgåing, det vil sei der gåing inngår som eit transportmiddel for å nå daglege gjeremål eller som rekreasjon i nærmiljøet. Den legg også vekt på gåing i forbindelse med bruk av kollektivtransport.

Nasjonal sykkelstrategi (2014-2023)

Tilrettelegging for auka bruk av sykkel som framkomstmiddel har vore eit mål sidan Nasjonal sykkelstrategi første gang blei utarbeida i 2003. Statens vegvesen reviderte strategien i forbindelse med utarbeidinga av Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023, der dei blant anna sette følgjande mål:

- **Fremme sykkel som transportform**

For å oppnå auka sykling er meir og betre infrastruktur grunnleggande, men det er ikkje nok. Folk må påverkast til å velje fysisk aktiv transport framfor bil på dei korte reisene. Ulike aktørar i samarbeid må bidra til å bygge ein kultur der sykling blir eit naturleg transportval for fleire enn i dag. Fleire syklistar kan gjere at bilistane tar større omsyn som igjen gir auka tryggleik og bidreg til meir sykkelvevleg trafikkultur

- **80 prosent av barn og unge går eller sykklar til skulen**

Sykkelandelen blant barn og unge mellom 13 og 17 år har gått ned frå 2005 (RVU 2009). Framtidas transportvaner vert lagt no. Barn og unge som går eller sykklar til skulen har større føresetningar for å velje sykkelen som transportmiddel framfor bil i vaksen alder. Fysisk inaktivitet er eit veksande samfunnsproblem, og gode vanar må stimulerast i tidlig alder.

4. Utviklingstrekk

I rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet (2014) kjem det fram følgande utviklingstrekk:

«Fysisk aktivitet og mosjon er en av de vanligste fritidsaktivitetene i befolkningen. Flere og fleire trener aktivt og ofte, og stadig færre trener aldri. I 2010 oppga 74 % av den voksne befolkningen at de driver fysisk aktivitet i form av trening eller mosjon på fritiden minst en gang i uka mot 58 prosent i 1985.

Til tross for at stadig flere rapporterer at de trener og mosjonerer på fritiden, har det totale omfanget av fysisk aktivitet i befolkningen gått ned. Dette skyldes i stor grad at hverdagsaktiviteten går ned. Eksempler på det er at vi gjør mindre arbeid på og i huset enn tidligere, vi går mindre i hverdagen, og de fleste av oss har mer stillesittende arbeid.

Helsemyndighetenes anbefalte minimumsnivå når det gjelder fysisk aktivitet i forhold til helsegevinst er 30 minutter daglig aktivitet med moderat belastning. Dette gjelder for voksne og riske eldre. En kartlegging av fysisk aktivitetsnivå hos voksenbefolkningen fra 2009 viser at bare 20 % av voksenbefolkningen tilfredsstiller disse kravene.

Voksne som driver idrett eller fysisk aktivitet gjør dette egenorganisert eller i stadig større grad i private treningssentre. Det viktigste det offentlige kan bidra med ovenfor den gruppen av voksne som allerede er fysisk aktive, er utbygging av idrettsanlegg og sikring av områder der aktiviteten kan foregå. Også for inaktive vil en tilpasset anleggsutvikling være viktig.»

Utviklingstrekk hos barn og ungdom

«...Det store flertallet av norske barn er med i norsk idrett på et eller annet tidspunkt, og mange deltar i flere idretter. Barn fra 6 til 12 år er den aldersgruppen som har flest aktive i norsk idrett. I denne aldersgruppen er det gjennomgående flere medlemskapi idretten enn individer i populasjonen.

Fra 12–13 års alder er det et jevnt fall i deltakelse i organisert idrett gjennom tenårene. Medlemskapstallene indikerer at det skjer noe i overgangen mellom barn og ungdom når det gjelder forholdet til den organiserte idretten. Det er viktig å påpeke at frafall i idretten ikke har én enkelt årsak, men skyldes en rekke ulike faktorer knyttet til barn og unges oppvekst, omgivelser og interesser.

Studier viser at norske barn og ungdom bruker en stadig større andel av dagen til stillesitting og en stadig lavere andel oppfyller de faglige anbefalinger om i gjennomsnitt minst 60minutters daglig moderat fysisk aktivitet.

Aktivitetsnivået synker kraftig fra 6 til 15 år. Blant 6 åringene er over 90 % av guttene og over 80 % av jentene i fysisk aktivitet mer enn 60 minutter per dag. Blant 9 åringene er tallene synkende og bare halvparten av 15-årige jenter og gutter er tilstrekkelig fysisk aktive. Kartleggingen bekrefter økende stillesitting også blant barn og ungdom. 15-årige gutter tilbringer størst andel av dagen – hele 70 % av tiden – og mer enn det pensjonister gjør – til stillesittende aktiviteter.»

Kvardagsaktivitet

«Det er ein trend med auka trening og mosjon på fritida for delar av befolkninga, men dette kompensere ikkje for auka stillesitting elles. Ei av hovudårsakane til at befolkninga er for lite fysisk aktive er for lite kvardagsaktivitet.

Vi brukar stadig meir tid på stillesitting både på skule, på arbeid, og foran skjerm. Samstundes har færre kroppsarbeid enn tidlegare. Det å sitte mykje stille er ein sjølvstendig risikofaktor og har mange skadeverknader; mellom anna lågare forbrenning samt at musklar, skjelett og ledd er avhengig av å bli belasta for å verke optimalt. Nyare forskning syner også at dersom ein sit 10-12 timar om dagen, aukar det risikoen for hjartesyjukdom markant.

Konsekvensane av for lågt fysisk aktivitetsnivå og dårleg fysisk form er store og påverkar risikoen for utvikling av fleire av dei store folkesjukdommane»

(Henta frå «Folkehelse i Møre og Romsdal – ei oversikt», 2015)

Psykisk helse

I den nye Folkehelsemeldinga «Mestring og muligheter» (2014-2015) blir det vektlagt at psykisk helse skal inkluderast som ein likeverdig del av folkehelsearbeidet. Her spelar fysisk aktivitet og friluftsliv ei sentral rolle:

«Friluftsliv og naturkontakt gir ut over fysisk aktivitet, mulighet for avstressing, ro og stillhet som for mange er viktig i en stressende hverdag. Naturen er en god arena for sosial kontakt og fellesskap. Det er god dokumentasjon for at friluftsliv og naturkontakt er viktig i forebygging og behandling av ulike psykiske lidelser som depresjon og angst.»

I tillegg skal det bli enklare å velge helsevennleg, blant anna med tanke på fysisk aktivitet, og tilrettelegging for ein aktiv kvardag. Når det gjeld idrett og friluftsliv står samarbeidet med frivillige og private aktørar sterkt.

Idrett:

Lokale idrettslag er møteplassar på tvers av generasjonar og sosiale skiljelinjer. Den organiserte idretten har sjølv påtatt seg eit ansvar og har høge mål om å gi eit godt aktivitetstilbod på alle nivå og for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er likevel utfordring knytt til for tidleg fråfall, høve til deltaking for barn og ungdom som veks opp i inntektsfattige familiar og til å inkludere alle – særleg jenter med innvandrarakgrunn. Det er også utfordringar knytt til å legge godt nok til rette for menneske med nedsett funksjonsevne og med utviklingshemming. Eit viktig bidrag – og kanskje det viktigaste bidraget norsk idrett kan gi for å fremme fysisk aktivitet og folkehelse, vil vere å inkludere enda fleire inn i den organiserte idretten. Dette krev god tilgang til anlegg for barne- og ungdomsidrett i kommunane og til anleggstypar som kan nyttast til aktivitetar som har brei oppslutning i befolkninga. Enkle anlegg for eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet er viktig for å fremme fysisk aktiv livsstil ut over kvardagsaktivitet

Folkehelsebarometer for Ørskog kommune

Folkehelseprofilen blir utgitt av Folkehelseinstituttet, og er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne, jamfør lov om folkehelsearbeid.

Her kan du sjå profilen for Ørskog kommune

<http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1523&sp=1&PDFaar=2015>

FOLKEHELSEPROFIL 2015

Ørskog



Folkehelsebarometeret for Ørskog 2015 viser at kommunen ligg dårlegare an enn landsnivået når det gjeld muskel- og skjelettlidingar og hjarte- og karsjukdom i primærhelsetenesta.

Tiltak i flyktningearbeidet

Ørskog kommune har i 2014 og 2015 teke imot flyktningar, pr august 2015 er det totalt teke imot 20 personar inkl. familiegjenforening. Ein viktig del av integreringa vil vere å få desse med på aktivitetar i lokalsamfunnet og å få dei til å benytte seg av tilbod innan idrett og fysisk aktivitet. Dette vil kreve eit tett samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar.

5. Kommunen sine planar

Gjeldande kommuneplan inneheld nokre generelle punkt omkring idrett, fysisk aktivitet og folkehelse:

Satsingsområde oppveks

Strategi:

- Barn og unge skal stimulerast til fysisk aktivitet gjennom idrett og friluftsliv.
- Trygge nærmiljø skal fysisk etablerast gjennom m.a. gode leikeplassar og sikra friområde

Satsingsområde omsorg, helse og velferd

Strategi:

- Alt helsefremjande og førebyggjande arbeid skal stå sentralt ved all kommunal planlegging og satsing.
- Kommunen skal motivere til ansvar for eige liv og eiga helse, stimulere til ulike former for helseførebyggjande tiltak t.d. fysisk aktivitet og samhandling mellom unge og eldre..
- Velferd for den einskilde betyr ofte deltaking i arbeid, kulturaktivitetar og sosialt samkvem. I nært samarbeid med alt vårt frivillige lagsliv - og den einskilde - skal kommunen arbeide for auka velferd for alle

6. Aktørar, gjennomførte prosjekt

6.1. Lag, organisasjonar og andre aktørar

Ørskog Idrettslag har fleire grupper med ulike aktivitetar (fotball, volleyball, ski, trim, sykkel, cheerleading, idrettskule m.m.)

Lauparen IL har og aktivitetar, mykje rundt løype og turstiar.

Sjøholt Atletklubb, Storfjorden Sportskyttarlag, Ørskog skyttarlag, Ørskog Ride og køyreklubb,

Ørskog lag av LHL og Ørskog seniordans driv med aktivitetar innan dans og trim.

Vi har og Velforeningar og andre som stend for turar og andre aktivitetar.

Ørskog kommune er medlem i Friluftsrådet for Ålesund og omegn. Dei er ein viktig medspelar for å legge til rette for friluftsliv. Dei arbeider med:

- Aktivitetstiltak for betra folkehelse i samarbeid med frisklivssentralar, folkehelsekoordinatorar i kommunane og lag og organisasjonar og i eigen regi
- Meir og betre uteundervisning i skule, barnehage og SFO gjennom Friluftsråda sit fellessatsing "Læring i Friluft"
- Stimulering til å nytte naturen i fiske og sanking som td gjennom kurs i etande vekstar mm
- Lærande nettverk i friluft – Sunnmøre, eit forpliktande nettverk av skular i Ålesundsregionen som vil arbeide for meir og betre uteskule.
- Trygg ferdsel i vinterfjellet – Skikompis. Dette er Friluftsrådet si satsing i skredførebyggande arbeid og trygg ferdsel i vinterfjellet
- Utstyrlån og opplæring til frivillige lag og organisasjonar. Frivillige lag og organisasjonar får låne gratis utstyr med Friluftsrådet for meir aktivitet og friluftsglede. Dei har og gitt kommunen utstyrskasse til gratis utlån for lag og organisasjonar. (organisert av Frivilligsentralen).

Driftsavdelinga til friluftsrådet har ansvar for stell av fleire friluftsområde i regionen, samt vedlikehald av bygningar, flytebrygger og toalett.

6.2. Gjennomførte prosjekt i perioden 2011 – 2015

Anlegg	Eigar	Merknader
Kunstgrasbane (Ørskogbanken stadion)	Ørskog kommune	Ferdigstilt våren 2011
Ørskog Discgolfbane	Ørskog kommune	Ferdig 2014
Elvastien	Ørskog kommune	Ferdig 2011, men nye prosjekt har kome til seinare.

Kunstgrasbane /grasbane

Kunstgrasbana vart innvia i mai 2011, offisielt innvia med arrangement august 2011. Det har vore søkt om spelemidlar kvart år frå 2010. I 2015 fekk vi tildeling på kr 1.000.000. Ny søknad på restbeløp (kr 1.440.000) vil verte sendt for 2016. Ein må rekne med at ei slik tildeling vert delt over fleire år.

Discgolfbane

Ørskog Diskgolfbane er ein bane med 12 hol bygd rundt Sjøholt skule. Informasjonstavle med kart og reglar er plassert ved den innkøyringa til barneskulen sin parkeringsplass ved Sjøholt skule. Diskgolfbanen er alltid open og klar til bruk. Diskgolf er ein forholdsvis ny sport som passar alle aldersgrupper frå ganske små barn til eldre. Heile, eller deler av banen kan brukast etter ynskje og form. Her kan du spele/trene åleine eller saman med fleire. Alt vedlikehald blir utført på dugnad.

Elvastien

Elvastien vart ferdig opparbeidd i 2011. Same året fekk Elvastien pris for best universelt utforma turveg i Møre og Romsdal. Elvastien blir mykje bruka av alle aldersgrupper og er blitt ein samlingsstad som stimulerer til friluftsliv og folkehelse for alle. Her går folk stadig forbi, folk trivst på rasteplassane og langs elva med fising.

Elvastien er i stadig utvikling:

I 2013 bygde Elvaeigarlaget ei grindløe, Elvaløa. Her er det fine benkar og bord som gir høve til samlingar også når veret er dårleg. Løa vart sett opp på dugnad.

Informasjonsskilt står ved Elvaløa. Her kan vi sjå bilde frå området i gamle dagar og lese om dei ulike plassane. Ørskog Historielag har laga tekst og funne bilda.

I 2014 kom ein flott portal på plass ved Smibakken. Lokale smedar har etter ide frå Historielaget bygd portalen som minner oss om kulturhistoria akkurat her.

Ein universell utforma fiskeplass vart bygd på dugnad av Elvaeigarlaget. Midlar til materialet fekk vi frå Bergesen stiftelsen.



Elvastien fekk 14 figurar som Jørund Amdam har laga. Desse er restaurerte tilbake slik dei var og er plasserte ut ved stien og rundt Elvaløa sommaren 2015. Frivillige har utført alt arbeidet på dugnad.

Turvegen er heldt fin og ryddig heile året gjennom frivillig innsats kvar veke av Elvastiens venner. I tillegg er fleire frivillige med etter behov på større dugnadar vår og haust.

6.3. Prosjekt klar for oppstart

Måsøyra Aktivitetspark - for trening, lek og sosiale møte:

Måsøyra er eit svært naturskjønt område innanfor ca. 300 meter frå Sjøholt sentrum.

Området ligg på nordsida av utløpet til Ørskogelva, rett ved Ørskog kyrkje, Elvastien og Sjøholt Småbåthamn.

Måsøyra vil gi eit heilt nytt aktivitetstilbod til Ørskog og nærliggande bygder med muligheiter for meir eigenorganisert fysisk aktivitet og betre folkehelse for enda fleire menneske i alle aldersgrupper og alle funksjonsnivå.

Måsøyra skal vere universelt utforma med fast dekke inn til området. Måsøyra skal ha god rasteplass og det skal lagast ein grill i rustfritt materiale og med arbeidshøgde som kan justerast. Det skal monterast 5 utandørs treningsapparat som skal dekkje dei fleste store muskelgruppene, leikeområde med høgdeforskjellar og fleksible element som kan brukast til både sitteplassar, lek og trening.



Høgdeforskjellen ned mot elva skal utformast som ei trapp – også med tanke på trening og sitteplassar. Måsøyra skal ha lettstelte, grønne område med frukt og bærtre som alle kan forsyne seg av. Måsøyra vil bli opparbeidd med materiale og estetikk i høg kvalitet. Det blir utforma med sterke fargar og eit ungdommeleg preg, samstundes som det er universell utforming og tilpassa alle aldrar.

Her ved utløpet av Ørskogelva er utsikta fantastisk utover fjorden og fuglelivet er svært spesielt og nært på Måsøyra. Dette skal gi ei både hyggeleg og interessant ramme for sosiale møte og aktivitet på tvers av generasjonane.

Ørskog kommune har 2200 innbyggjarar, dei aller fleste av desse kan ha glede/nytte av anlegget. Området er innanfor 500 meter for svært mange av innbyggjarane i kommunen. Mange eldre har flytta til sentrum dei siste åra. Området ligg nær skule, barnehage, psykiatrisk senter og Steinholt busenter. Det oppheld seg ca. 700 personar i Sjøholt sentrum på dagtid. Sentrum er prega av gjennomgangstrafikk og Måsøyra er ein nært høve til rekreasjon utan støy.

Måsøyra vil vere eit lågterskel, gratis aktivitetstilbod og ein sosial møteplass heile døgnet kvar dag i veka gjennom året. Det ligg lite snø heilt ned til sjøen og området kan difor vere i bruk heile året. Det er gode parkeringstilhøve ved Måsøyra for dei som bur lenger unna.

7. Beskriving av nosituasjon

Ordinære anlegg

Ørskog har gode anlegg og mykje tilrettelagt område for idrett og friluftaktivitetar. Ørskoghallen vert nytta av Sjøholt skule på dagtid kvardagar, og av lag på kveldstid og helger.

Kunstgrasbana – Ørskogbanken Stadion blir mykje brukt, både til trening og cup.



Ørskoghallen

Blir brukt mykje av fleire aktørar:

- ØIL (fotball, volleyball, idrettskule)
- Skulen brukar på dagtid, SFO seinare
- Skyttarlaget brukar sitt areal mykje
- Ungdomsklubben er på veg inn
- Leigd ut til arr. og trening for eksterne
- Mykje brukt til private arrangement

Det føreligg planar om å bygge ny lagerhall i tilknytning til Ørskoghallen. Det er sett av 1,5 mill. i midlar til prosjektet.

Kommunen gjev tilskot til idrett gjennom kulturmidlar, i 2015 vart det tildelt kr 57.000 til lag og organisasjonar innan området idrett og friluftsliv/helse. I tillegg kjem drift og vedlikehald av Ørskoghallen som laga få nytte gratis til trening.

Ein har tilfredsstillande anlegg på dei fleste område. Ørskog Idrettslag har gjennom brev og møter presentert planar for ei løpebane. Dette er med i reguleringsplan for Sjøholt skule med tilliggande område. Denne plana skal handsamast hausten 2015.

Nærmiljøanlegg

Kommunen har fleire nærmiljøanlegg. Den siste som vart etablert – Elvastien er nærare omtala under etablerte anlegg.

Badeplassar

Det er fleire badeplassar i kommunen, Skråvika er den største - litt om Friluftsrådet

Jakt og fiske

Ørskog Skyttarlag driv jegeropplæring. Det er stor aktivitet i laget.

Turområde

Det er eit svært godt opparbeid turområde i alle delar av kommunen. Det er laga ei eiga bok "Ut på tur i Ørskog" som beskriv mange turar i kommunen. Etter kvart har mange turbeskrivingar kome på nett, og på www.morortur.no finn ein mange turar i Ørskog. StikkUT turane har og vorte populære.



Friluftsrådet organiserer «Stikk-UT» , som er ein elektronisk registrering av turmål. Tiltaket har på kort tid blitt svært populært, og pr. august 2015 er det nærare 500 registrerte brukarar av Stikk-UT i Ørskog kommune

Mange av turane er godt skilta og merka. Frivilligsentralen er ein god koordinator for arbeidet med merking og rydding, og eit godt nettverk av frivillige har bidratt til at kommunen har utmerka seg med eit breid tilbod.

Gang- og sykkelveggar

For mange er gang- og sykkelveggar viktige for fysisk aktivitet. Ørskog kommune arbeider for å få eit samanhengande nett av gang- og sykkelveg i kommunen, og legge til rette for auka bruk av sykkel til/frå arbeid, skule og i fritid.

8. Planlagte prosjekt

Ørskog Idrettslag

Ordinære anlegg

ØIL ynskjer å få gjennomført planane om ei turløype frå Liasætra som kjem saman med løypetraseen i område Steinsetsætra / Brautasætra. Traseen er lagt inn i vedteken kommunedelplan for Solnørvassdraget. ØIL ber om at prosjektet kjem høgt opp på prioriteringslista med anslått kostnad kr 250.000,-

Friidrettsanlegg

ØIL ynskjer prosjektet opp på høgast mogeleg prioritert plass. ØIL viser til at anlegget må ha plass til 400 meters løpebaner. Dette må avklarast i samband med reguleringsplan for området.

Byggesteg 2 Kunstgrasbane

ØIL ber om at dette vert sett i samanheng med friidrettsanlegg og planleggast saman med dette. Dei viser til arbeid med reguleringsplan for området.

Lauparen IL

Ny løypetrase rundt til sørsida av Kjersemvatnet har kome til i samarbeid med Tresfjord IL. Skilting av turløyper er utført i samarbeid med Frivilligsentralen/Friluftsrådet.

Nye trasear for løypekøyning er under vurdering, men søknadsprosessen er ikkje kome i gang. Ei eventuell lysløype er tenkt i området Sportskapellet-Grytaliskiftet. Men ein er då avhengig av å først kunne få lagt fram tilstrekkeleg tilførsel av straum i området rundt der garasjen er oppført. Det er og eit ønske at traseane skal være i ein slik stand at det går an å ta sykkelturar på dei på sommartid.

IL Lauparen ynskjer å ha same tiltak på handlingsplana som i forrige plan, då dei ikkje er gjennomførte.

Nærmiljøanlegg

Utbetring av tur-råsene til Lauparen og Høgsvora, sannsynlegvis dei mest trafikkerte råsene i kommunen. I enkelte delar av råsene er det stor slitasje, regn og vatn samlar seg i råsa og gjer den om til ei grøft. Andre plassar er det myrparti som skulle vore steinlagt, eller laga vandringer over. Dette kan kanskje gjerast i samarbeid med td. Friluftsrådet.

Ordinære anlegg

Enkel gangbru over elva nedanfor Hjellesætra, om lag der "Fremsteelva" møter Vaksvikelva. Dette gjer det mulig å få til ei rundturløype for gåande og syklende. (via Hjellane/Viset, Hallwardsætra, Hjellesætra, over elva og inn på skogsvegen opp mot trakkemaskinhuset, og vidare på fylkesvegen ned att gjennom Vaksvika)

Opparbeiding av turstiar i skogsområdet mellom Giskemo, Valbø, Amdam, Skarbø og Vestre.

I dette området er det mange skogsvegar og råser, som med litt innsats kan knytast saman til eit flott løypenett, både for gåande og terreng-sykelistar. (skogsveg Nedrevoll – Jordskar, skogsveg/rås Giskemo-Jordskar, skogsveg/rås Vestre- Jordskar, veg Skarbø – Jordskar, skogsveg/rås Amdam- Skarbø)

Eit slikt løypenett i nærområdet vil ha innfallsportar både frå Giskemo, Valbø/Nedrevoll, Amdam, Skarbø, Vestre og Vaksvik (via Madsplassen)

Frå Sjøholt kan ein gå/sykle Postvegen til Amdam, eller via gang og sykkelstien til Giskemo.

Friluftsrådet melder at dei ynskjer at prosjekta Varmestove på Mevatnet og Toalett på Ørskogfjellet vert ståande på handlingsplana, og at desse er tenkt gjennomført i komande periode.

9. Handlingsprogram / prioritering av anlegg 2016 -2020

Ordinære anlegg

Nye anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet / friluftsliv

Forkortinger: S = speleimdlar (stat/fylke) K = kommunalt tilskot P = privat / dugnad

Pr	Organisasjon	Anleggstype	Investering kostnad I 1000 kr	Søknad sum	2016			2017			2018			2019			Status	Stat. søknad
					K	S	P	K	S	P	K	S	P	K	S	P		
1	Måsøyra aktivitetspark	Nytt anlegg	1.350	433												avventar avklaring flodbølgerapport	Innvilga	
2	Kunstgrasbane	ØIL/kommunen	7650 b)	2500 *		2500											Innvilga delvis	
3	ØIL	Løypetrase/tursti Liasetra- Ørskogfjellet	250													ikkje klar		
4	ØIL /kommunen	Friddrettsanlegg c)	3000	1000				700	500	300	700	500	300			ikkje klar		
5	Lauparen	Løypetrase	50													ikkje klar		
6	ØIL	Byggesteg 2 Kunstgrasbane noverande grusbane														ikkje klar		
7	Friluftsrådet	Varmestove Mevatnet/Svart																
8	Friluftsrådet	Toalett Ørskogfjellet																

a) I 2015 vart det tildelt kr 433.000 i speleimdlar.

b) Kunstgrasbana ligg på prioritert plass grunna gjentatt søknad om speleimdlar. Pr 2015 er det tildelt kr. til prosjektet

c) Løpebane føreset godkjenning av foreslått reguleringsplan for område Sjøholt skule/idrett

Nærmiljøanlegg

Enkle anlegg tilrettelagt for uorganisert fysisk aktivitet, særleg for barn og unge

Pr	Organisasjon	Anleggstype	Investering kostnad I 1000 kr	Søknad sum	2016			2017			2018			2019			Status	Stat. søknad
					K	S	P	K	S	P	K	S	P	K	S	P		
1	Sjøholtreitane Vel	Kunstgras på 5-er bane	160				40	80	40							uavklart		
2	Lauparen	Utbetring turråser til Lauparen og Høgsvora														ikkje klar		
3	Strandabø Vel	Ballbinge	150				150	200	100							ikkje klar		
4	Skarbø krinslag	Badehus Vestrefjøra														ikkje klar		
5	Frivilligsentralen God Helse	Elvastien del 2					100	200	100	100	200	100				ikkje klar		
6	Historielaget / kommunen	Postvegen			200											ikkje klar		

